



Har sjølvaste GRANA inspirert oss? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også Uskedalen var vorte stadig meir julepynta etterkvart som åra har gått.

Det er som om Kvinnherads einaste permanente julegran har inspirert oss til å la det skina opp både her og der.



Døme frå Korsnes (Foto: Ola Matti Mathisen)

I år er ho meir praktfull enn nokon gong, seier dei som har det historiske perspektivet. Samstundes er dei litt bekymra og vonar at det snart blir planta ei ny gran som reserve. Ein veit aldri kor langt liv ei gran har sjølv om det er ei julegran.....



Døme frå Halsabrotet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skin altså både høgt og lågt, ein skilde stader blinkar det også samstundes.

Dei fleste har vore heller diskrete i bruken av lyspunkt. Men nokre har vore relativt rause, så rause at ein kar her om dagen respektlaust undra på om det var kome tivoli til bygda.

Det skin forresten mest frå eit hus på Rød, det er lett å sjå når ein er vel forbi Korsnes og set kursen mot Ljosnes.



Døme frå sentrum (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men vi skal slett ikkje her og nå lansera ei tevling om kven som har det mest "julete" huset i Uskedalen dette året.

Vi skal berre bringa nokre døme og gle oss over at det lyser både i dei stille grender og i ei travel bygd som vår.

Av Ola Matti Mathisen



Det skin mest frå eit hus på Rød..... (Foto: Ola Matti Mathisen)